

Til deg som har plass på institusjon i Øygarden Kommune

INFORMASJON OM EIGENBETALING FOR OPPHALD I INSTITUSJON

Alle med plass på sjukeheim skal betale eigenandel for opphaldet. (Slik eigenbetaling gjeld også dersom du er tildelt plass i anna bustad med leige- og omsorgstenester hele døgnet), jfr. Forskrift om vederlag for opphald i institusjon. I dette skrivet finn du dei viktigaste reglane. Meir informasjon finn du på www.oygarden.kommune.no

Dagopphald og korttidsopphald inntil 60 dagar

- For dagopphald på institusjon må du betale kr 50 per dag
- For korttidsopphald på institusjon må du betale kr 129 per døgn

Døgnsatsane for korttidsopphald gjeld for opphald som ikkje varer meir enn 60 døgn i kalenderåret.

Langtidsopphald og korttidsopphald over 60 døgn

Vederlag for langtidsopphald og korttidsopphald over 60 døgn vert rekna ut med bakgrunn i inntekt og personlege økonomiske forhold. Du må difor fylle ut skjema med opplysningar om inntekter og utgifter. Det er Pleie og omsorgstenesta i Øygarden kommune som gjer vedtak om eigenbetaling.

Inntekter som inngår i grunnlaget

Eigenbetalinga vert fastsett på grunnlag av *all* inntekt. Det inkluderer pensjon og andre ytingar frå folketrygda, ytingar frå andre pensjonsordningar, arbeids- og næringsinntekter, leigeinntekter og renteinntekter. Sit du i uskifta bu, vert eigenbetalinga rekna av halvparten av dei totale kapitalinntektene, fråtrekt eit fribeløp. Fribeletet vert endra i forhold til antal år du betalar for langtidsopphald. Har du ektefelle eller sambuar som bur heime, vert inntekta fordelt i samsvar med utskrift av likning.

Slik reknar vi ut eigenbetalinga

- *inntekter inntil folketrygdas grunnbeløp*

Det skal betalast 75 prosent i årleg vederlag av alle inntekter inntil folketrygdas grunnbeløp. Frå grunnbeløpet vert det trekt eit fribeløp på kr 6 600.

- *inntekter utover folketrygdas grunnbeløp*

For alle andre inntekter utover folketrygdas grunnbeløp skal det betalast 85 prosent etter at skatt og eventuelle gjeldsrenter er trekt ifrå.

Grunnbeløpet i folketrygda er frå 1.mai 2010 kr 75 641.

Betalingsfritak første måned

Er du tildelt langtidsopphald, skal du ikkje betale eigenbetaling for den første månaden. Dersom du kjem direkte til langtidsopphald etter å ha vore på ein anna institusjon eller avlastingsopphald, vil dette bli trekt ifrå i friperioden. Det vert ikkje innvilga friperiode når du har hatt korttidsopphald som har vart over 60 døgn i kalenderåret.



Frådrag i grunnlaget for utrekning

Som hovudregel får du frådrag i eigenbetalinga dersom du har ektefelle/sambuar eller mindreårige barn som bur heime. Kommunen kan gi frådrag dersom du heilt eller delvis forsørgjer barn over 18 år. Frådraget skal minst tilsvare dei brutto pensjonsytingane som ektefelle eller barn hadde fått frå folketrygda dersom bebuar var død. Frådraget vert redusert dersom ektefelle eller barn har eigen arbeidsinntekt eller mottar pensjon frå folketrygda.

Det vert også gitt frådrag av halvparten av brutto pensjonsytingar som kjem i tillegg til ordinær folketrygd. Døme på dette er tenestepensjon eller andre private pensjonsordningar. Ved *langtidsopphald* vert det ikkje gitt frådrag for buutgifter.

Etteroppgjer når likninga er klar

Kvart år vert det gjennomført etteroppgjer i forbindelse med skatteoppgjeret. Det er viktig at Pleie- og omsorgstenesta får tilsendt kopi av dette så snart det ligg føre. Vi gjer merksam på at du må betale for opphaldet til og med den dagen opphaldet varer. Når opphaldet er avslutta vert det gjennomført sluttoppgjer.

Slik krev vi inn eigenbetaling

Den delen av eigenbetalinga som er rekna av ytinga frå folketrygda og andre pensjonar som vert utbetalt frå NAV, og den delen som er rekna ut frå andre inntekter og pensjonar, vert du fakturert kvar måned. Beløpet kan endrast når kommunen får kjennskap til endringar i inntekt eller andre forhold knytt til berekningsgrunnlaget. Det er difor viktig at du skriftleg informerer pleie- og omsorgstenesta kvar gong inntekt eller skatt vert endra.

Fyll ut skjema med inntektsopplysningar

Kommunen har eige skjema som du må fyller ut dersom du har fått vedtak om langtidsopphald eller korttidsopphald over 60 døgn i eit kalenderår. Skjema inneheld opplysningar om inntekter og eventuelle fråtrekk. Dette skjemaet gir kommunen grunnlag til å berekne storleiken på eigenbetalinga og fullmakt til å innhente opplysningar om inntekt m.m. Skjemaet må sendast **innan 3 veker** etter at du har motteke vedtak om opphald.

Kontaktinformasjon og informasjon om klage

Vedtak om eigenbetaling kan påklagast. Klagen skal sendast til Pleie- og omsorgstenesta. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, vert den oversendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Har du andre spørsmål om eigenbetaling for opphald i institusjon? Ta kontakt med Pleie- og omsorgstenesta.

Postadresse: Øygarden kommune,
Tednebakkane omsorgsenter, Tjødnarvegen 2, 5337 Rong
Telefon: 56 38 23 00 / 56 38 20 00
E-post: postmottak@oygarden.kommune.no

Med venleg helsing
Pleie og omsorgsjefen
Øygarden kommune